



Christine Aalhus

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4009 - 17/2885

Saksbehandlar:

Camilla Smith-Strøm

camilla.smith-strom@meland.kommune.no

14.02.2017

REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET, 13.02.2017

Til stade:

Frå foreldregrupper: Christine Aalhus, Marianne Sandvik, Kristine Larsen og Therese Aalhus.

Frå personalgruppa: Nina Solberg, Heidi Dalseng og Camilla Smith-Strøm

Frå kommunen/barnehageigar: Kjersti Vikebø Nesse (Vara)

Sak 1. VIGILO

Camilla startar med å informere om barnehagens nye digitale kommunikasjons- og dokumentasjonsverktøy, VIGILO. Personalet er nå godt i gang med opplæring- og utprøving av systemet. Dette forklarar den auka bruken av I-Pad ved avdelingane. Alle føresette vil bli kalla inn til foreldremøte, med opplæring på foreldreapp'en til VIGILO, innan nokre vekar. Når møtet er gjennomført vil VIGILO bli åpna også for foreldre. Målet er å sikre god og lett kommunikasjon, mellom barnehage og heim.

Sak 2. «Eit real't prosjektarbeid»

Camilla informerer om kommunens realfagssatsing og barnehagen sitt utviklingsarbeid, *Eit real't prosjektarbeid*. Begge avdelingane har jobba godt med dette, hausten 2016. Alle pedagogane er på jamneleg nettverkssamlingar, med pedagogar frå barnehagar, grunnskule og ungdomskule. Det opplevast som nyttig å jobbe på tvers av opplæringsløypa, for å nå eit felles mål om å gje barn og unge auka kompetanse innafor realfaga. På Gul avdeling jobbar dei for tida med eit prosjekt om «Bukkene Bruse». Ved Raud avdeling har dei fokus på tema «Vi flyr», der dei mellom anna har fokus på ulike fuglearter.

Sak 3. Rekneskap matpengar 2016.

Det visar seg at Marihøna barnehage, mellom anna grunna auka barnetal, har endt ut med eit overskot på matpengar for 2017. Overskotet er pålydande kr. 12364,-, om lag kr. 300,- pr barn. Pengane står no på eit eiga fond.

Det er eit ynskje frå barnehagen at desse pengane skal komme barna til gode. I inneverande år vil barnehagen ha auka fokus på godt og sundt kosthald og målet er at ein nyttar heile beløpet, som vert krevd inn som matpengar frå foreldra. Samarbeidsutvalet drøftar korleis overskotet frå 2016 skal handterast. Alle er samde om at beløpet bør nyttast i løpet av våren 2017, da pengane også bør komme førskulebarna til

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

gode. SU sine representantar frå personalgruppa er ikkje med å stemme over denne saka. Kun dei som representerar foreldra får røyste.

Vedtak:

Barnehagen kan disponere kr. 12364,- som utgjør overskotet frå matpengebudsjettet 2016. Føresetnaden er at beløpet kjem alle barna til gode, gjerne i form av utfluktar, våren 2017. Styrar legg fram rekneskap på bruk av midlane for samarbeidsutvalet. Dersom det står pengar att på fondet, etter at tiltaka/aktivitetane er gjennomførte, skal dei overførast til matbudsjettet for 2017.

Sak 4. Dugnad

SU er samde om at vi også i år vil gjennomføre vårdugnad i barnehagen. Dato for dugnad vert sett til 19. og 20. april 2017, altså veka etter påske.

Sak 5. Sommarfest

Dato for årests sommarfest er sett til 8. juni. Vi er samde om at vi også i år vil la foreldra ta med kvar sin matrett, til eit felles koldtbord. Vi legg ut listar i forkant av sommarfesten, slik at vi sikrar eit variert utval mat på koldtbordet. Barna og personalet bakar kakar til arrangementet.

Med helsing

Camilla Smith-Strøm
leiar Marihøna barnehage

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mette Marei Træland

Mottakere:

Camilla Smith-Strøm

Christine Aalhus

Heidi Dalseng

Kjersti Vikebø Nesse

Kristine Larsen

Marianne SandvikMarianne Sandvik

Nina Bjørkheim Solberg

Therese Aalhus

Thomas H. Wallem